



Saksbehandlar: Roald Breistein  
Sak nr.: 18/2557-1

## **Forvaltningsrevisjon innan HMT og inkluderande arbeidsliv - Forslag til prosjektplan**

### **Forslag til vedtak:**

1. Kontrollutvalet bestiller forvaltningsrevisjon innan HMT og inkluderande arbeidsliv frå Deloitte AS, med utgangspunkt i forslag til prosjektplan og ev. innspel under drøftinga i møtet.
2. Ev. ny korrigert prosjektplan vert å sende sekretariatet innan 13.04.2018.
3. Det vert akseptert ein samla timeressurs på inntil det timetal som ligg i forslag til prosjektplan.
4. Det vert også akseptert opsjon på ev. presentasjon av rapporten i Sogn og Fjordane fylkesting fakturert etter timeforbruk, inntil 6 timer.
5. Det er ønskjeleg at Deloitte kjem med forslag til prioritering av forslag til tiltak som går fram av revisjonsrapporten.
6. Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå Deloitte si side innan utgangen av oktober 2018, ferdig verifisert og med fylkesrådmannen sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd.

### **Vedlegg:**

Forslag til prosjektplan - Sogn og Fjordane fylkeskommune - forvaltningsrevisjon HMT og inkluderande arbeidsliv

## **SAKSFRAMSTILLING**

### **Bakgrunn for saka**

Kontrollutvalet gjorde vedtak i sak 7/18 i møte 27.02.18 om å bestille forvaltningsrevisjon frå Deloitte innan HMT og inkluderande arbeidsliv.

### **Bestillinga som vart send til Deloitte innehold slike forslag til problemstillingar:**

«Har fylkeskommunen system og rutinar som sikrar etterleiving av sentrale krav i regelverket når det gjeld arbeid med helse, miljø og tryggleik (HMT) og inkluderande arbeidsliv? Under dette:

- a) *Har fylkeskommunen sentrale system, rutinar eller retningslinjer for korleis HMT arbeidet skal ivaretakast av einingane i fylkeskommunen?*
- b) *Er det fastsett mål for helse, miljø og tryggleik i fylkeskommunen og i dei einskilde einingane?*
- c) *Har fylkeskommunen oversikt over korleis ansvar, oppgåver og mynde for arbeidet med helse, miljø og tryggleig er organisert?*

- d) Er det etablert eit felles system for kartlegging av farar og problem og vurdering av risikotilhøva i einingane i fylkeskommunen?
- e) Er det etablert rutinar for å utarbeide planar og for å sette i verk tiltak for å redusere identifiserte risikoar?
- f) Har fylkeskommunen rutinar som sikrar at verksemndene under planlegging og gjennomføring av endringar, vurderer om arbeidsmiljøet vil vere i samsvar med lovkrav, og blir det sett i verk naudsynte tiltak?
- g) Har fylkeskommunen etablert rutinar for å avdekke, rette opp og forebygge brot på HMT regelverket?
- h) Gjennomfører fylkeskommunen ei systematisk overvaking og ein gjennomgang av det systematiske HMT arbeidet for å sikre at det fungerer som føresett?
- i) I kva grad er det etablert ei verneteneste i samsvar med sentrale krav i regelverket?
- j) I kva grad er det etablert eit arbeidsmiljøutval som fungerer i samsvar med sentrale krav i regelverket?
- k) I kva grad vert inkluderande arbeidsliv ivareteke?»

### **Vurderingar og konsekvensar**

Med utgangspunkt i det som går fram over har Deloitte levert forslag til prosjektplan for forvaltningsrevisjon innan HMT og inkluderande arbeidsliv i Sogn og Fjordane. Prosjektplanen følgjer som vedlegg.

**Av den føreslåtte prosjektplanen går det fram at føremålet med forvaltningsrevisjonen er:**

«Føremålet med forvaltningsrevisjonen vil vere å undersøke i kva grad Sogn og Fjordane fylkeskommune har utarbeidd system og rutinar for helse, miljø og tryggleiksarbeidet i fylkeskommunen og dei einskilde avdelingane og einingane. Vidare er det eit føremål å undersøke i kva grad sentrale krav i intensjonsavtalen om inkluderande arbeidsliv (IA-avtalen) blir ivareteke.»

**Med bakgrunn i prosjektet sitt føremål har revisjonen formulert følgjande problemstillingar:**

1. Har fylkeskommunen system og rutinar som sikrar etterleving av sentrale krav i regelverket når det gjeld arbeid med helse, miljø og tryggleik (HMT)? Under dette:
  - a) Har fylkeskommunen sentrale system, rutinar eller retningslinjer for korleis HMT arbeidet skal ivaretakast av einingane i fylkeskommunen?
  - b) Er det fastsett mål for helse, miljø og tryggleik i fylkeskommunen og i dei einskilde einingane?
  - c) Har fylkeskommunen oversikt over korleis ansvar, oppgåver og mynde for arbeidet med helse, miljø og tryggleik er organisert?
  - d) Er det etablert eit felles system for kartlegging av farar og problem og vurdering av risikotilhøva i einingane i fylkeskommunen?
  - e) Er det etablert rutinar for å utarbeide planar og for å sette i verk tiltak for å redusere identifiserte risikoar?
  - f) Har fylkeskommunen rutinar som sikrar at verksemndene under planlegging og gjennomføring av endringar, vurderer om arbeidsmiljøet vil vere i samsvar med lovkrav, og blir det sett i verk naudsynte tiltak?
  - g) Har fylkeskommunen etablert rutinar for å avdekke, rette opp og forebygge brot på HMT regelverket?
  - h) Gjennomfører fylkeskommunen ei systematisk overvaking og ein gjennomgang av det systematiske HMT arbeidet for å sikre at det fungerer som føresett?
  - i) I kva grad er det etablert ei verneteneste i samsvar med sentrale krav i regelverket?
  - j) I kva grad er det etablert eit arbeidsmiljøutval som fungerer i samsvar med sentrale krav i regelverket?
2. I kva grad vert intensjonsavtala om inkluderande arbeidsliv ivareteke i fylkeskommunen? Under dette:
  - a) I kva grad har fylkeskommunen definert tiltak for å følgje opp måla i IA avtalen?

- b) *I kva grad er fylkeskommunen sine tiltak for å følgje opp IA-avtalen gjort kjent for og følgt opp av leiarane i fylkeskommunen?*
- c) *Har fylkeskommunen etablert eit system for å evaluere gjennomførte tiltak knytt til IA-avtalen?*

I dette revisjonsprosjektet vil Deloitte m.a. nytta dokumentanalyse, intervju, spørjeundersøking og verifisering og høyring som metode. Revisjonen ønskjer å gjennomføre omlag 10 intervju med utvalde personar i Sogn og Fjordane fylkeskommune som har eit overordna ansvar for HMT-arbeidet og IA-arbeidet i fylkeskommunen, samt representantar frå leiinga ved dei ulike fagavdelingane i fylkeskommunen. Vidare vil revisjonen gjennomføre intervju med hovudverneombod og hovudtillitsvald i fylkeskommunen.

Med utgangspunkt i det omfang som ligg i den føreslalte prosjektplanen meiner sekretariatet at det kan forsvarast å bruke inntil det timetal som er føreslått.

Sekretariatet har likevel merka seg at Deloitte m.a. skrive dette i punkt 4.3 i prosjektplanen:

*«Revisjonen gjer merksam på at det er lagt opp til ein relativt kort gjennomføringsperiode, med tanke på dei aktivitetar som skal gjennomførast i prosjektet. Det er derfor risiko for at det kan oppstå forhold som gjer at vi ikkje klarer å følgje denne tidsplanen.»*

## **Konklusjon**

Sekretariatet meiner at prosjektplanen er godt gjennomarbeidd og i tråd med dei føringar som ligg i bestillinga frå kontrollutvalet. Føremål og problemstillingar synest også å vera i tråd med dette.

Når det gjeld timetalet vil sekretariatet tilrå at det vert godkjend inntil det timetal som går fram av prosjektplanen. Vidare bør det aksepterast opsjon på ev. presentasjon av revisjonsrapporten for Sogn og Fjordane fylkesting fakturerert etter timeforbruk, inntil 6 timer.